



## Nytt frå Firda vgs, oktober 2023

Hei igjen, her kjem nytt månadsbrev frå skulen.

Det skjer mykje på skulen gjennom eit skuleår. Vi vil anbefale å følgje med på årsplanen då vil de kunne ha god oversikt. Vi ynskjer likevel å nemne nokre hendingar. Fyrst informasjon om det som skjer kvar veke;

### **Gratis frukost**

Det vert servert gratis frukost til alle elevar som ynskjer det: måndag, onsdag og torsdag er det havregrynsgraut, tysdag er det rundstykker med kvitost, brunost eller syltetøy, fredag er det youghurt med müsli. Frukosten er klar kl 07.50 og står framme til ca kl 08.25. Til no har mellom 40 og 60 elevar nyitta seg av dette tilbodet.

### **Open skule**

Elevane i musikk, dans og drama har nøkkelkort til skulen og kan bruke klasserom og øvingsrom når dei vil. Måndag, tysdag og onsdag er det aktivitetar på open skule. Måndag vert det servert middag til kr 35,-, tysdag er det gratis kvelds, onsdag er det ofte sal av vafler og sveler. Elles er det ulike aktivitetar dei ulike kveldane.

### **Studiekafe**

Tysdag er det studiekafe frå kl 17-19. Her er lærar og vg3 elevar til stades og kan hjelpe til med skullearbeid. Studiekafeen startar alltid med gratis suppe.

### **Open skule klatring**

Måndag kl 19 - 21 er det open skule klatring i klatreveggen. Her deltek instruktørar og elevar som har bratt kort. Ein treng ikkje å ha klatreerfaring for å bli med. Det er ope for alle elevar.

### **Salsa kurs**

Tysdag frå kl 19-20 er det kurs i salsa for elevar og tilsette i gamle black box.

### **Treningssenter**

Alle elevar har gratis tilgang til treningssenteret i heile opningstida. Det gjeld òg laurdag og søndag. Det vert òg lagt til rette for at elevar i idrettsklassene skal kunne ha meir fleksibel tilgang til idrettshall og treningsareal.

### **Hendingar i oktober/november**

#### **Verda og vi torsdag 26. oktober**

Verda og vi er og eit arrangement med lang tradisjon her i Gloppen. 26. oktober kjem Asle Toje og Cecilie Hellestveit til Sandane. Vi legg undervisninga til elevane i dei tre studiespesialiserande klassene til denne kvelden.

#### **Internasjonal veke/Operasjon dagsverk**

Internasjonal veke vert gjennomført i veke 44. I år samarbeider vi med Operasjon dagsverk. Tema for veka er «skuddsikker framtid». Pengane som vert samla inn går til arbeidet med å sikre trygg framtid for ungdom i Colombia. Colombia er i dag eit land med mykje uro og det er eit av dei farlegaste landa i verda å vere menneskerettsforkjempar. Vi lever i ei uroleg tid mange stader i verda. Med dette som bakgrunn tenkjer vi det er viktig å sette av tid til å fokusere på internasjonale tema. Sjølv OD aksjonsdagen er torsdag 2. november. Det kan vere at elevar tek kontakt for å få seg ein jobb denne dagen. Pengane går uavkorta til prosjektet.

**Elevfri dag fredag 3. november**

Fredag 3.november er elevfri dag. Denne dagen skal tilsette på skulen bruke til kompetanseheving innanfor ulike fagområder.

**Haustfest for vg2 fredag 17. november**

Dette er ein heilaften med program i kultursalen, matservering og dans i Aulaen. Arrangementet er ope for familie til vg2 elevar, samt elevar og tilsette. Nærare info og invitasjon kjem. Vi håper at vi kan fylle kultursalen denne kvelden.

**Elevundersøkinga**

No framover mot jul blir Elevundersøkinga for skuleåret 2023/24 gjennomført. Elevundersøkinga gjer elevane høve til å seie kva dei meiner om læring og trivsel på skulen.

Resultata frå undersøkinga blir lagra og brukte av skulen, skuleeigaren og dei statlege utdanningsmyndighetene for å analysere og utvikle skule- og læringsmiljøet til elevane. Undersøkinga er anonym, og det er frivillig for elevane å delta.

Vil elles vise til heimesida vår og til skulen sin podcast «Firdapodden». Firdapodden finn de på spotify eller link frå skulen si heimeside. Her er det mykje nyttig informasjon om skulen for både elevar og føresette.

Ha gode dagar!

Helsing

Hallgeir Hansen  
rektor